

**Fra:** Bjørnevoll, Gunn Randi <gunn.randi.bjornevoll@statsforvalteren.no>

**Sendt:** 22.08.2023 14:28:32

**Til:** Postmottak Eidfjord kommune <postmottak@eidfjord.kommune.no>, Postmottak Austevoll <postmottak@austevoll.kommune.no>, Askvoll kommune <postmottak@askvoll.kommune.no>, Årdal kommune Postmottak (Ardal.kommune.Postmottak@ardal.kommune.no) <Ardal.kommune.Postmottak@ardal.kommune.no>, Postmottak Vaksdal <post@vaksdal.kommune.no>, Tysnes kommune <post@tysnes.kommune.no>, Stad kommune <post@stad.kommune.no>, Solund kommune <post@solund.kommune.no>, Postmottak Kvam kommune <postmottak@kvam.kommune.no>, Høyanger kommune <postmottak@hoyanger.kommune.no>, Hyllestad kommune <postmottak@hyllestad.kommune.no>, Postmottak Gulen kommune <postmottak@gulen.kommune.no>, Postmottak Fedje <postmottak@fedje.kommune.no>, Vik kommune <post@vik.kommune.no>, Ullensvang kommune <postmottak@ullensvang.kommune.no>, Sveio kommune <postmottak@sveio.kommune.no>, Sunnfjord kommune <postmottak@sunnfjord.kommune.no>, Postmottak Samnanger <postmottak@samnanger.kommune.no>, Sogndal kommune <postmottak@sogndal.kommune.no>, Postmottak Bjørnafjorden kommune <post@bjornafjorden.kommune.no>, Post Austrheim <post@austrheim.kommune.no>, Postmottak Aurland <post@aurland.kommune.no>, Fitjar kommune <fitjar@fitjar.kommune.no>, Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>, Lærdal kommune <post@laerdal.kommune.no>, Etne kommune <post@etne.kommune.no>, Bremanger kommune <post@bremanger.kommune.no>, Askøy kommune <postmottak@askoy.kommune.no>, Stord kommune <post@stord.kommune.no>, Postmottak Voss herad <postmottak@voss.herad.no>  
**Kopi:** Jacobsen, Øystein Breirem <oystein.jacobsen@statsforvalteren.no>, Marie Fladmoe Halvorsen <mariefladmoe.halvorsen@bufdir.no>  
**Emne:** Kontaktperson for å svare på spørjeundersøking om kommunenes arbeid med universell utforming

---

### Til kommunane i Vestland

Rambøll Management Consulting har på oppdrag fra Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet, Bufdir, sendt ut ei spørjeundersøking til alle landets kommunar med spørsmål om korleis kommunane arbeider med universell utforming. Invitasjonen til å svare på undersøkinga blei sendt ut i mai 2023.

Universell utforming er viktig i dei tenestene og tilboda kommunane gir, til dømes på skulen, barnehage, kulturbygg, i arealplanlegging osv. For at Noreg i størst mogleg grad skal bli utforma på ein måte som skapar likeverdig tilgjengeleight for alle, er det avgjerande at kommunane jobbar aktivt med universell utforming.

Formålet med undersøkinga er å innhente informasjon om korleis kommunane arbeider med universell utforming, og korleis de involverer råd for eldre og råd for personar med funksjonsnedsetting i dette arbeidet. Informasjonen skal også bidra til å klårgjere kva kommunane opplever som utfordringar i arbeidet med universell utforming, og korleis kommunane meiner at andre offentlege myndigheter kan hjelpe i dykkar arbeid med universell

utforming. Slik kunnskap vil danne eit viktig kunnskapsgrunnlag for både fylket, kommunane sjølv og Bufdir.

Spørjeundersøkinga tek 20-30 min å svare på, og dekker blant annet følgjande tema:

- Kommuneplanen
- Kommunens nettsider
- Samarbeid med kommunale råd
- Tilsyn
- Universell utforming i grunnskulen
- Universell utforming ved kommunehuset/rådhuset

Per i dag har 28 prosent av kommunane svart på undersøkinga. Ein låg svarprosent gjer at data frå undersøkinga blir lite pålitelege, og aukar risikoen for eit feilaktig og skeivt bilet av kommunananes arbeid med universell utforming.

**Vi sender derfor e-post til kommunane som ikkje har svara på undersøkinga, og ber om at kommunen peiker ut ein kontaktperson som kan svare på undersøkinga. Fint om de kan melde tilbake til underteikna e-postadressa til kommunens kontaktperson innan ei veke frå i dag. Kontaktpersonen vil så få tilsendt ein e-post frå Rambøll med invitasjon til undersøkinga og korleis denne skal svarast på.**

På forhånd tusen takk!

Med venleg helsing  
**Gunn Randi Bjørnevoll**  
seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 83  
Mobil: 94 81 50 10  
E-post: [gunn.randi.bjornevoll@statsforvalteren.no](mailto:gunn.randi.bjornevoll@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)